


# MARISTOVA - BORLAUG



## Fakta

### Tidsbruk

2 t

### Avstand

7 km

### Vanskeleghetsgrad

● Enkel

### Passar for

Alle

### Tilgjengeleg

Mai - Oktober



Oddebruene.

## For mange er strekninga mellom Maristova og Borlaug den best bevarte løyndomen på Kongevegen over Filefjell.

Turen går på autentisk kongeveg, natursti, litt asfalt, forbi elv og over bekkar, over fjellvidde og gjennom lun granskog. På vegen passerer du ulikt kulturlandskap, gardar og ruiner etter gamle buplassar. Turen er 7 kilometer lang og har ein høgdskilnad på 300 meter.

Nabostrekningane er fjellstrekket [Kyrkjestølen-Maristova](#) (austover) og [Borlaug-Borgund stavkyrkje](#) (vestover).

Startar du på Maristova og går vestover, møter du straks på dei to flotte trebruene like nedanfor Maristova-tunet som er bygd etter generalvegmeister Hammer sin «Vejinstrux» frå 1794. Slike bruer stod her då kongevegen var ferdig i 1790-åra.

Herfrå går kongevegen vidare på rette, graskledde strekningar.

## OMVEG HONINGANE

Følg skiltinga vidare. Du må krysse E16 og følge autentisk kongeveg vidare under nye europavegen. Om du vil, kan du herifrå gå den korte omvegen rundt Honingane, eit gammalt stølsområde med bygningar tilbake til mellomalderen.

**Ved Honingane er det fleire bruer frå minst fire forskjellige vegtrasear. Her går du på grusveg frå 1860. Området har namn etter ei «hone» som betyr geit.**

Stølen ved den eine brua er bygd opp att og kan nyttast av vandrande, både til pause og overnatting. Det er ein nøkkelboks på veggen. Ring 900 53 796 (Lærdal kommune, kulturkontoret) for å få koden. Ta med sovepose. Det er ikkje elektrisitet i hytta. Her er også utedo som kan nyttast av både dei som overnattar og for vandrarakar på kongevegen.

Tilbake til kongevegen går du ned grusvegen frå 1860 ned mot E16-brua som går inn i tunnelen. Gå under brua og litt opp mot Maristova att. Følg skilta inn på autentisk kongeveg.

## VIDARE NEDOVER

Om du ikkje går omvegen om Honingane og vil halde fram; følg skiltinga vidare under europavegen. Du passerer ein bekk og går på ein veg som er bygd inn i vegkroppen til E16. Gå under E16-brua og opp att mot Maristova cirka 100 meter. Ikkje følg gamle E16 nedover.

Opp bakkane her går Kongevegen vidare inn på autentisk graskledd veg som inntil nyleg har vore lite tilgjengeleg for vandrarakar. Dette er eit godt bevart vegstykkje av Kongevegen. Cirka 1,6 kilometer lenger nede møter du Brattebakken bru som går over elva Smedøla.

Dagens Brattebakken bru er ei hengebru bygd etter inspirasjon av dei gamle kongevegbruene du møter andre stadar på kongevegen. Generalvegmeister Christopher J. Hammer ville at endestolpane på kongevegbruene skulle ha eit «sirat», eit smykke, på stolpane. Endestolpane på hengebrua har difor fått ei slik utforming.

**Den opphavelige Brattebakken bru var Vestlandets einaste utleggsbru. Bygginga**



Jakobstigen er den første av «Dei sju skuffetsar».



Maristova. Margretestuen til høgre.

starta hausten 1791 og opna sommaren 1792, men har gått tapt for lenge sidan. Brukara står att på begge sider og er verna. Difor vart løysinga å bygge ei høg hengebru ved sida av.

Når du er komen over hengebrua, gå opp til gamle E16 og ta steintrappa vidare opp på natursti. Her gjekk kongevegen då den vart bygd, men omleggingar og utbetringar frå 1850-åra og framover har sprengt den vekk. I dag går restane av kongevegen over gamle E16.

**Så går Kongevegen etter kvart vidare over Raudgalden, ein av fleire parti langs veggen som var skremmande for dei vegfarande i gamal tid, stubbratt og farleg når det var glatt. Namnet kjem av at fjellet har raud farge.**

## GRAM

Etter Raudgalden held du fram bak tun og smågarder og kjem til Gram, som er eit gammalt norsk namn for konge.

Her held du fram gjennom grindene og inn på tunet (som eigentleg var gamle E16). Det kan sjå ut som du kjem til eit privat område, men det er her du skal gå, og ikkje gå bak fjøsen, til dømes. Kanskje kjem sauelam og helser på deg? Hugs å late att grindene.

**Frå tunet held turvegen Kongevegen fram til venstre for gamle E16. Etter knappe 200 meter går du inn på sjølve gamle E16 (asfalt) cirka ein kilometer til Kongevegen tek av til høgre opp bakkane igjen.**

Her går den gamle ferdelsåra vidare mot Borlaug. Nokre gonger er heile vegbana inntakt, nokre gonger går du på halve bana og ser resten av veggen har stuft i avrunnen, nokre gonger går du på asfalt.

Du går langs elva Smedøla heile veggen og kjem til slutt til Ulvisbakken, der den finlandssvenske landmåleren, kartografen, offiseren og amatørkunstnaren Wilhelm Maximilian Carpelan (ein føregangsfigur for den kunstnariske, nasjonalromantiske oppdaginga av Norge) i 1819 måla den vakre utsikta medan han sjekka tilstanden på Kongevegen før statthaldaren skulle legge ut på tur.

**Eit stykke etter går Kongevegen gjennom eit lunt granskogområde, mellom anna rett forbi kjellaren til husmannsplassen «Flathagen».**

Du går over ei mark over taket på Borlaugstunnelen, og går vidare over små og store bruk til du kjem til grenda Borlaug, heilt øverst i Lærdal.

## VEGKRYSS

Borlaug har i fleire hundre år vore eit viktig kryss for vegfarande mellom aust og vest. Veggen over Filefjell har alltid komme ned her. Og frå 1840-åra stod køyrevegen over Hemsedalsfjellet ferdig.

**Her kan du vitje [Borlo bygdetun](#) og du kan overnatte hjå [HI Borlaug vandrarheim](#).**

Her finn du også innetolett hjå Statens Vegvesen sitt anlegg på andre sida av E16.

Borlo bygdetun er eit privat oppbygd museum med 21 gamle bygningar og utstyr. I tunet er det infooppslag på kvart hus.

Dersom du held direkte fram på neste delstrekning, som er [Borlaug-Borgund stavkyrkje](#), går du gjennom bygdetunet og følger kongevegen-løypa forbi alle stabbura ned mot E16, vidare nokre hundre meter på graskledd eng langs E16, før du peilar deg inn på vegkanten av E16 og går på sida av europavegen eit lite stykke ned til krysset der fylkesvegen tek av mot Borgund.

**I krysset tek du inn på fylkesvegen mot Borgund sentrum.**

Neste delstrekning vestover: [Borlaug-Borgund stavkyrkje](#)

Neste delstrekning austover: [Maristova-Borlaug](#)

© Copyright Kongevegbedrifter Filefjell SA



Gammalt utstyr langs kongevegen under Maristova.



Turvegen går eit lite stykke langs elva, på vegkroppen til nye E16.



Hengebrua Brattebakken bru er bygd etter inspirasjon av dei gamle kongevegbruaene.



Brattebakken bru tar deg over Smedøla.



Trapp etter at du har kryssa Brattebakken bru og gamle E16 og skal opp mot Raudgalden.





Kanskje møter du lam på veg inn til Gram.



Lamma er nysgjerrige på kongevegvandrarane.



Vandreruta går gjennom grunder og inn på tunet her på Gram.



Gram. Stabburet vart flytta hit 1870/80-åra.



Ruinane etter husmannsplassen Flathagen.

